

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Bremuseet, Fjærland
Dato: 15.10.2020
Tidspunkt: 10:00

Velkommen til det fjerde møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2020 - 2023.

Møtet finn stad ved Feltstasjonen ved Norsk bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten i Fjærland, Sogndal, der vi også får lunsj.

Etter styremøtet blir det visning av den nye panoramafilmen og vi vil få litt informasjon om Bremuseet og det spesielle året vi snart har bak oss.

Vi minner alle om å ta omsyn og halde seg til FHI sine gjeldande koronareglar.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf. 90 19 24 71 eller Marthe på tlf. 91 71 95 51. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing
Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 21/20	Søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden Kraftverk – BKK Produksjon AS		2020/12476
ST 22/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - revidering av forvaltningsplan - drøftingssak - oktober 2020		2020/14978
ST 23/20	Referatsaker Orienterings- og drøftingssaker: 1. Status for sekretariatet 2. Orientering frå SNO Jostedalsbreen 3. Status tiltaksplan 2020 4. Status nettsider 5. Synfaring Brenndalen 6. Mediesaker sidan sist 7. Dato for neste møte		
RS 16/20	Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre store verneområder		2020/7644
RS 17/20	Rapport helikoptertransport Skåla våren 2020 - Bergen og Hordaland turlag		2019/3916
RS 18/20	Vidare arbeid med innfallsport Bøyabreen		2019/6338
RS 19/20	Høyringsuttale til ny forskrift om øvre ramme for overtredelsesgebyr etter naturmangfaldlova frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2019/3145
RS 20/20	JOSTICE update		2019/8670
RS 21/20	Innfallsportar i Sunnfjord kommune - referat frå synfaringsmøte Jostedalsbreen nasjonalpark 24.06.2020		2019/3131
RS 22/20	Gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane		2019/16700
RS 23/20	Svar på spørsmål om flytting/sikring av trimpostkasse på Kattanakken		2020/12075
RS 24/20	Svar på spørsmål om droneflyging over Brikdalsbreen i samband med fotooppdrag		2020/11722
RS 25/20	Svar på førespurnad om synfaring - Rv. 5 gangbru framfor opning i rekkverket Lundeskaret		2020/14184
RS 26/20	Bacheloroppgåver Innfallsportar - Sunndalen		2019/10511

	og Supphelledalen	
RS 27/20	Bacheloroppgåve Innfallsport Lunde	2019/10511
ST 24/20	Delegerte saker	
DS 3/20	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - ekstra turar for henting av breis - Norsk Bremuseum	2020/2988
DS 4/20	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida flyperiode for landing med helikopter 2020 - Kjøsnesfjorden Kraftverk	2020/12476

ST 19/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 20/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2020/12476-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 01.10.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	21/20	15.10.2020

Søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden Kraftverk – BKK Produksjon AS

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, i medhald av naturmangfaldlova si § 48, til Kjøsnesfjorden Kraftverk AS/BKK Produksjon AS for helikopterflyging og landing ved omsøkte punkt i verneområdet i samband med drift og tilsyn av kraftverket med tilhøyrande anlegg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bruk av helikoptertransport til personell og utstyr kring Trollavatnet/Kjøsnesfjorden Kraftverk AS sine installasjonar
2. Løyvet gjeld frå dags dato og fire år fram i tid, altså t.o.m. 15. oktober 2024.
3. Flyginga bør være mest mogeleg konsentrert i tid, og unngå helgedagar, heilagdaggar og store utfartsdaggar grunna omsynet til friluftslivet.
4. Helikopterflyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt for drift og tilsyn av anlegg, og de må ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
5. Rapport om flyginga, datoar, omfang og spesielle observasjonar sendast til nasjonalparkstyret innan 1. desember kvart år.

Det vert i utgangspunktet *ikkje* gjeve løyve til lågtflyging langs traseen sør for Sygnesandnipa, då det er heilt kurant å fly den nordlege ruta for å unngå flyging langt innanfor nasjonalparkgrensa. Dersom vêrtilhøva e.a. likevel tilseier at det er umogeleg å fly den nordlege ruta, må nasjonalparkforvaltar varslast pr telefon/e-post.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid løyve frå grunneigar og kommune også innhentast før flyging.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve datert 14.08.20 frå Kjøsnesfjorden Kraftverk v/Helge Vidar Sølvberg
- Søknad om forlenging av avtale datert 09.09.20 frå Kjøsnesfjorden Kraftverk v/Helge Vidar Sølvberg
- Delegert vedtak datert 11.09.20
- Tidlegare løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, utvalsak 34/16, datert 01.09.2016
- Rundskriv om grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjøsnesfjorden datert 11.10.2017
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden frå Kjøsnesfjorden Kraftverk v/BKK Produksjon AS datert 14.08.20 gjeld landing med helikopter på utvalde stader både innanfor og utanfor vernegrensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Området for den omsøkte motoriserte ferdsla er inst i Kjøsnesfjorden i Sunnfjord kommune.

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS har tidlegare fått 4-årig løyve, datert 01.09.2016 med varigheit til 01.09.2020, og kontakta forvaltar 09.09.2020 for å diskutere mogelegheit for å strekkje flygeløyve for helikoptertransport inn i oktober månad. Forvaltar vurderte saka og gav delegert løyve, men fleirårige løyve må handsamast av heile nasjonalparkstyret.

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (heretter KK) har konsesjon for regulering av Trollavatnet og overføring av diverse bekkeinntak i området. Drift av anlegget i fjellet krev bruk av helikoptertransport til personell og utstyr. Flyginga er omsøkt for å kunne drive lovpålagt tilsyn med anlegget, vedlikehald av ulike installasjonar og manøvrering av luker. Kraftverket søker om å fly i følgjande utstrekking per år: Eitt hovudtilsyn, sesonginspeksjonar, ein driftsoperasjon (involverer spyling og reinsk av inntak) og 1-3 opningar av luker. Dei søker om eit femårig løyve, av praktiske årsaker.


Landingsplassane vil vere nære dei aktuelle bekkeinntaka på aust- og sørsida av Lundebotnen og vestsida av Sygnesandsdalen, tilpassa dei fysiske forholda på staden.

Ved sakshandsamingstidspunkt i 2016 var 7 av bekkeinntaka, samt ein tunell, på eller innanfor (inntil 250m innanfor) grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark, slik grensa vart vedteke ved Kgl. res. 25.10.1991. Sjå Kart 1 som viser grensene av 2016, før grenseendringane. Som følgje av vedtaket om konsesjon for bygging av Kjøsnesfjorden Kraftverk, vart grensene i området endra slik at alle bekkeinntak vert liggjande utanfor nasjonalparken (sjå Kart 2: nye grenser trekt opp for samanlikning av plassering av bekkeinntak før og etter grensejustering).

Frå sakshandsaminga i 2016:



Desse grenseendringane er ikkje gjennomførte pr. dags dato, men Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tilrådd justering av grensene, og saka ligg no til handsaming i Miljødirektoratet. Straks grenseendringane er vedteke, så vil behovet for flygeløyve bli redusert/forsvinne.



Kart 1: Ut i frå kartet var 7 av bekkinntaka, samt ein tunell, på eller innanfor (inntil 250m innanfor) grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark, slik grensa vart vedteke ved Kgl. res. 25.10.1991.



Kart 2: Trollavatnet og omkringliggjande områder med justerte grenser av 2017 for samanlikning av plassering av bekkeinntak i høve nasjonalparkgrenser. Legg merke til grensejusteringar i nordaustre del av nasjonalparkgrense og Syngnesands-området for justeringar.

Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1.

Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå vernereglane dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, og då, i dette tilfellet, bruke den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova si § 48.



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Forvaltar har vore i felt i området inst i Kjøsnesfjorden, og vurderer at det ikkje er mogeleg å ta seg fram til fleire av dei omsøkte punkta til fots. Det er særst bratte fjellsider, og utilgjengelege område. Alternative driftsmetoder enn helikopter er såleis ikkje mogeleg (nml §§ 8, 12). Områda består av fjell, og område nære bre med lite vegetasjon. Det er fleire turstiar i området, m.a. stien opp Lundeskaret som nasjonalparkstyret har oppgradert, samt Sygnesandsdalen, inn til Femtevatnet, m. fl. Indre Sunnfjord og Jølster auker stadig i popularitet som turdestinasjon. Det er ikkje registrert reir eller hekking av spesielt sårbare artar i umiddelbar nærleik til dei omsøkte landingsområda (nml § 8). Det kan heller ikkje utelukkast at det er sårbar fugl i dette området. I området Grovabreen er det villrein, ein art som vil kunne være sårbar for helikopterstøy, særleg i visse periodar i året.

Samla belastning av helikoptertrafikk i dette området er lita (nml § 10). Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, og nasjonalparkforvaltaren vurderer såleis at det ikkje er naudsynt å fly den sørlege traseen ved Sygnesandsnipa. Den nordlege traseen er betre å nytte i så måte, då den ikkje går innom nasjonalparken (nml §§ 9, 12), sjølv om ruta kanskje er lenger i luftlinje då (nml § 11).

Så lenge flyginga skjer utanfor vernegrensa trengst ikkje dispensasjon frå verneforskrifta for å utføre dette. Når flyginga skjer så nær vernegrensa at helikopter kan koma inn over verneområdet vil det likevel vere greitt å ha løyve etter verneforskrifta. Etter grensejusteringa vil flyginga for det meste utførast utanfor vernegrensa, det er berre ved flyging etter sørleg trasè sør for Sygnesandsnipa at flyging vil skje godt innanfor vernegrensa.

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro (nml § 10). Kjøsnesfjorden kraftverk bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje være motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.

Nasjonalparkstyret pleier å gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå KK også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.



Arkivsaksnr: 2020/14978-0
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 05.10.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	22/20	15.10.2020

Jostedalsbreen nasjonalpark - revidering av forvaltningsplan - drøftings sak - oktober 2020

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram for nasjonalparkstyret til drøfting.

Dokument i saka

- Utkast til forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark – pdf henta frå FPNV datert 07.10.2020
- Kapittel 20 og 22 i Brukarretteleiing for FPNV versjon 2.0 (datert 06.10.2020)
- Arkivsak 2013/4971 – Jostedalsbreen nasjonalpark - revidering av forvaltningsplan



Saksopplysningar

Ein forvaltningsplan er ein praktisk rettleiar som skal bidra til vedtak og bruk som sikrar vernet. Innanfor ramma av verneforskrifta kan planen gi retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv., samt mål og tiltak for å ivareta verneverdiane.

Historikk

Gjeldande forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken i 1994. Arbeidet med revideringa av forvaltningsplanen vart starta opp seinhaustes 2013, med styrevedtak i november og kunngjering av oppstart i desember 2013. Våren 2014 vart det arrangert seks oppstartsmøte i bygder kring nasjonalparken. I tillegg til innspel som vart fanga opp på bygdemøta kom det inn fleire skriftlege innspel til oppstartsmeldinga. Sekretariatet starta å skrive forvaltningsplanen i 2014, men av fleire grunnar, m.a. manglande kapasitet i sekretariatet tok dette arbeidet lengre tid enn påreknna. I februar 2017 var eit førebels utkast til delar av forvaltningsplan oppe til drøfting i styret i sak 07/17. Meininga var då at resten av planen skulle leggjast fram i neste styremøte, før planutkastet skulle vidare til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.

Parallelt med forvaltningsplanarbeidet vart arbeidet med utforming av ein besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark starta opp. Som ein del av kunnskapsinnhentinga for besøksstrategi og forvaltningsplan vart det i 2017 gjennomført ei stor brukarundersøking i nasjonalparken. Brukarundersøkinga vart svært omfattande med over 17 000 svarskjema innlevert. Det store arbeidet med brukarundersøkinga medverka til at revidering av forvaltningsplan vart forseinka.

FPNV – Forvaltningsplan på nett for verneområde

Sidan styret i Jostedalsbreen nasjonalpark starta opp arbeidet med revidering av forvaltningsplan har Miljødirektoratet utarbeidd ei ny løysing for forvaltningsplanar, kalla FPNV – *Forvaltningsplan på nett for verneområde*. Den fyrste versjonen av FPNV vart sleppt i november 2018. FPNV inneber ei heilt ny løysing for utforming av forvaltningsplanar for verneområde ved at planar skal vere tilpassa nettbaserte løysingar. Målet med FPNV er å gjere planane meir brukarvenlege og tettare integrert med andre digitale verktøy som forvaltninga nyttar. Utviklinga av FPNV er ein del av Miljødirektoratet sitt arbeid med å modernisere og effektivisere forvaltningsordniga for nasjonalparkar og andre verneområde. Mange element til forvaltningsplanane i den nettbaserte løysinga vert henta automatisk frå andre digitale verktøy i Miljødirektoratet sitt fagsystem, som også har vore og er under utvikling, m.a. anna frå Naturstatus for verneområder – NatStat og frå Naturbase. Dette betyr at endringar lagt inn i NatStat for Jostedalsbreen nasjonalpark, til dømes endringar i bevaringsmål knytt til nye framande artar som vert oppdaga i parken, automatisk vil kunne hentast inn frå Nat Stat for oppdatering av forvaltningsplanen i FPNV.

FPNV vart fyrst utvikla og tilpassa til forvaltningsplanar for mindre verneområde, t.d. naturreservat. Desse har ofte færre problemstillingar å ta omsyn til enn ein har i større og meir komplekse verneområde. Jostedalsbreen er av dei fyrste, om ikkje den aller fyrste, større nasjonalparken som byrja å utarbeide forvaltningsplan i FPNV. Det er inga føremon då FPNV pr dags dato ikkje er godt tilpassa forvaltningsutfordringane i større verneområde. Sekretariatet føler difor at vi er ei «prøvekanin» for Miljødirektoratet i tilpassing av FPNV for store verneområde. Den 1. oktober 2020 var sekretariatet i digitalt møte med direktoratet der vi fekk utveksla tankar og idèar og utfordringar i bruken av FPNV, og fekk tilbakemelding om at direktoratet vil følge Jostedalsbreen nasjonalpark ekstra tett i ferdigstillinga av



forvaltningsplanen på nett. At FPNV er under utvikling for store verneområde har vore ei utfordring for sekretariatet i arbeidet med å få fram eit ferdig planutkast, men no byrjar mange av elementa å falle på plass i FPNV.

Då sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2019 tok opp att arbeidet med forvaltningsplanen vart det stilt spørsmål til Miljødirektoratet om vi måtte tilpasse planen FPNV, eller om vi kunne ferdigstille den som «papierplan» tilpassa pdf og utskrift, sidan arbeidet allereie var kome langt på veg. Det vart då klart at Miljødirektoratet meinte at alle nye og reviderte planar som dei skulle godkjenne måtte tilpassast og leggast inn i FPNV.

Eit førebels arbeidsutkast av forvaltningsplanen vart lagt inn i FPNV våren 2020 og oversendt Miljødirektoratet til gjennomsyn 8. april for å få innspel til justeringar for tilpassing til FPNV. I juni 2020 fekk sekretariatet tilbakemelding frå Miljødirektoratet med forslag til justeringar.

Tilpassing av forvaltningsplan til FPNV har vore eit større arbeid enn forutsett. Ein stor del av arbeidet har handla om å korte ned og skrive om kapittel for kapittel. Sekretariatet har redusert tekstmengda ein heil del etter innspel frå Miljødirektoratet. Teksten som er teken ut vil vi ta vare på utanfor FPNV, då den inneheld mykje godt bakgrunnsstoff, historikk og eksempel knytt til forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det er ikkje alle kapittel/felt i FPNV som sekretariatet har fått arbeidd nok med enno. Mellom anna står det att å leggje inn bevaringsmål i NatStat. Noko av grunnen til at dette ikkje er gjort er at NatStat også har vore under utvikling og utprøving i den seinare tid. Sekretariatet ynskjer å prioritere arbeidet med å leggje inn bevaringsmål i NatStat når forvaltningsplanen er sendt til Miljødirektoratet for godkjenning før høyringsrunden. Tiltaksplan i FPNV heng tett saman med bevaringsmåla i NatStat og prioriteringar i besøksstrategi som heller ikkje er arbeidd ferdig ut enno.

Kapittelet om geologi vil også verte utarbeidd noko meir, og sekretariatet vil leggje til raudlista landformer innanfor vernegrensene om mogleg. Noreg er truleg fyrste land i verda som kartlegg landformer sin sårbarheit (sjeldanheit og robustheit) i denne utstrekninga i henhold til IUCN – Den internasjonale naturvernunionen – sitt rammeverk. Jostedalsbreen nasjonalpark sin forvaltningsplan kan i så fall verte den fyrste (?) forvaltningsplanen for større verneområde som inkluderer ei oversikt over raudlista landformer. Med omsyn til dei store kvartærgeologiske verneverdiane til nasjonalparken ser sekretariatet at denne oversikta over raudlista landformer kan bidra til å m.a. konkretisere tiltak og forenkla strategiar for kanalisering av ferdsel utanom morener, og ivaretaking og synleggjering av dei kvartærgeologiske verneverdiane.

Det er avgrensa med moglegeheiter for figurar og tabellar direkte i FPNV, men det er råd å leggje inn slikt som vedlegg. Sekretariatet arbeider med å få laga kart og tabellar for å skildre delar av kunnskapsgrunnlaget for forvaltningsplanen på ein enklare måte. Dette vil verte arbeidd med før oversending til Miljødirektoratet for godkjenning før høyringsperioden. Vi har også lagt inn førespurnad om det er mogleg å leggje inn tabellar direkte i FPNV undervegs ilag med tekst dei høyrer til.

Som vedlegg til denne saka ligg ein pdf-versjon av forvaltningsplanen slik den ligg i FPNV pr 7.oktober 2020. Styret vert beden om å lese igjennom dette dokumentet. Vedlagt fylgjer og eit vedlegg med utdrag frå *Rettleiar for bruk av FPNV*, der det er lista opp kva som skal



omtalt i ulike felt og kvar det vert henta data frå til dei dynamiske felta, som vert automatisk fylt ut i FPNV.

Sidan det ikkje er lagt til rette for ei innsiktsløyning i FPNV for planar før dei er klar for høyring, vil sekretariatet i styremøtet vise korleis utkastet til forvaltningsplan ser ut for brukarar av FPNV. Når Miljødirektoratet har godkjent eit høyringsutkast vil høyringsdokumentet vere ein høyringsversjon i FPNV som alle interesserte kan gå inn på og lese og klikke seg fram i.

Vurdering

Forvaltningsplanen er eit svært viktig dokument for forvaltninga av verneområdet. Å få laga ein enkel og brukarvenleg forvaltningsplan i FPNV vil vere bra for forvaltninga og alle med interesser i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Retningslinjene frå forvaltningsstyresmakta er ein viktig del av forvaltningsplanen. Retningslinjene er delt inn i ulike tema. Under kapittelet *Bruk - Historikk* er mange av dei same temaa omtala med historikk frå vernetidspunktet og fram til no. Etter råd frå Miljødirektoratet har sekretariatet forsøkt å korte ned og sortere betre mellom kapitla *Bruk - Historikk* og *Retningslinjer* slik at retningslinjene berre inneheld det som må til for å klargjere korleis forvaltninga vil handtere enkeltsaker og søknader av ymse slag. Det har ikkje vore ein enkel jobb og sekretariatet vil gjerne ha styret si vurdering av utkastet slik det ligg føre og innspel til forbetringar.

Sekretariatet vil etter styremøtet halde fram arbeidet med å ferdigstille eit utkast til forvaltningsplan slik at det kan sendast til Miljødirektoratet for godkjenning som høyringsutkast. Sekretariatet vurderer det som ynskjeleg at forvaltningsplanen og besøksstrategien vert lagt ut på høyring samtidig. Miljødirektoratet skal også ha utkast til besøksstrategi til godkjenning før den kan sendast på høyring. Det må vere eit mål å ha godkjente høyringsframlegg frå Miljødirektoratet til handsaming i styret i fyrste styremøte i 2021, slik at høyringsrunden kan skje våren 2021 med endeleg godkjenning hausten 2021.



ST 23/20 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 16/20 Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre store verneområder

RS 17/20 Rapport helikoptertransport Skåla våren 2020 - Bergen og Hordaland turlag

RS 18/20 Vidare arbeid med innfallsport Bøyabreen

RS 19/20 Høyringsuttale til ny forskrift om øvre ramme for overtredelsesgebyr etter naturmangfaldlova frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

RS 20/20 JOSTICE update

RS 21/20 Innfallsportar i Sunnfjord kommune - referat frå synfaringsmøte Jostedalsbreen nasjonalpark 24.06.2020

RS 22/20 Gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

RS 23/20 Svar på spørsmål om flytting/sikring av trimpostkasse på Kattanakken

RS 24/20 Svar på spørsmål om droneflyging over Briksdalsbreen i samband med fotooppdrag

RS 25/20 Svar på førespurnad om synfaring - Rv. 5 gangbru framfor opning i rekkverket Lundeskaret

RS 26/20 Bacheloroppgåver Innfallsportar - Sunndalen og Supphelledalen

RS 27/20 Bacheloroppgåve Innfallsport Lunde

ST 24/20 Delegerte saker



Arkivsaksnr: 2020/2988-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 07.10.2020

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - ekstra turar for henting av breis - Norsk Bremuseum

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 fyrste ledd gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette grunneigarane på gards- og bruksnummer 158/1 og 158/2, Liseter og Supphellen, løyve til tre turar ekstra med motorisert ferdsla fram til den regenererte breen mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane ved Store Supphellebreen for å hente breis til formidling på Norsk Bremuseum.

Maksimalt tal turar i 2020 vert då auka frå 4 til 7.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå Sogndal kommune.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om Løyve til uttak av breis, utvalssak 06/20, datert 24.02.2020
- Endra vilkår etter klage, utvalssak 17/20, datert
- Søknad om ekstra turar for henting av breis til Norsk Bremuseum, datert 30.06.2020
- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfaldlova
- Delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016



Bakgrunn

Grunneigarane inst i Supphelledalen, med gards- og bruksnummer 158/1 Liseter, og gards- og bruksnummer 158/2 Nedste Supphella, vart i styrevedtak 24.02.2020 i sak 06/20 gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsle slik at dei kan ta ut breis til formidling på Norsk Bremuseum på fylgjande vilkår.

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 24. februar 2020 og i fire år fram til 1. januar 2024.
3. Løyvet gjeld før kl 10.00 og etter kl 19.00 for å redusere talet på besøkjande som vert uroa av støy.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med traktor med skuffe langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Vilkår 3. og vilkår 4. vart endra etter klagehandsaming i styremøte 15.06.2020 til:

Nytt vilkår 3. i løyvet:

3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.

Nytt vilkår 4. i løyvet:

4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.

Ynskje om fleire turar grunna manglande frysekapasitet

Nasjonalparkstyret tok 30.06.2020 imot epost frå Norsk Bremuseum der dei opplyser at dei grunna defekt kjøleaggregat snart har brukt opp alle fire turane for å hente is frå Supphellebreen i 2020. Dei lurar difor på om det er mogeleg å få nokre fleire turar.

Nasjonalparkforvaltar tok 3.juli kontakt med styreleiar for å drøfte saka og fekk ok til å gjere eit delegert vedtak om nokre turar ekstra under føresetnad av at frysekapasiteten på Bremuseet raskt vart ordna, slik at det ikkje vart mange ekstraturar.

Nasjonalparkforvaltar kontakta Norsk bremuseum for å høyre kor mange turar dei ynskte og kor tid dei rekna med å få i gang att kjøleaggregatet. I epost frå Norsk bremuseum 03.07.2020 vart det opplyst at kjøleaggregatet var reparert og at frysekapasiteten no var bra. Dei ynskte løyve på to til tre ekstra turar for å hente breis for resten av sesongen.

Vurdering

Bremuseet burde ha gjeve melding til nasjonalparkforvaltninga med ein gong dei oppdaga at frysekapasiteten var minimal p.g.a. defekt kjøleaggregat, slik at forvaltninga kunne hatt litt



betre tid til å handsame ein søknad om ekstra turar for å hente is. Det må likevel seiast at sommaren 2020 har vore hektisk og vanskeleg for reiselivsnæringa som Bremuseet er ein del av. Det er difor forståeleg at dette vart gløymt i ein hektisk og usikker periode.

Det vil normalt vere nok med 4 turar for å hente ut breis til Norsk bremuseum. Ein auke frå 4 til 7 turar for å hente breis er difor eit unntak som gjeld i 2020.

Auken vil medføre auka motorferdsel i området ved Store Supphellebre, men så lenge uttaket av breis skjer til tider der det er lite folk i området vil konsekvensane for verneverdiane i området vere små samanlikna med verdien av å ha breis i utstillingane på Norsk Bremuseum.

For vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12, så viser eg til vurderingane som vart gjort i saksutgreiinga til det opphævelege løyvet (datert 24.02.2020). Endringane som er aktuelle er ikkje større enn at dei vurderingane framleis er gyldige.





Arkivsaksnr: 2020/12476-0
Sakshandsamar: Marthe Gjerde
Dato: 11.09.2020

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida flyperiode for landing med helikopter 2020 - Kjøsnesfjorden Kraftverk

Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14. mars 2016 gjort vedtak om å delegerere handsaming av einssilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, å gje Kjøsnesfjorden Kraftverk utvida flyperiode fram til og med 20. oktober 2020 for naudsynt tilsyn kring Trollavatnet. Vilkår i rammeløyvet av 06.09.2016 er framleis gjeldande.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for flyging til og med 20. oktober 2020. Tal på flygingar som vert tillate vert sett til maksimum fire.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad på epost frå KK v/Helge Vidar Sølvberg datert 09.09.2020
- Rammeløyve helikopterlanding Kjøsnesfjorden Kraftverk for åra 2016-2020, datert 06.09.2016
- Søknad på epost frå KK v/Helge Vidar Sølvberg datert 14.08.2020

Søknaden

Kjøsnesfjorden Kraftverk, heretter kalla KK, kontakta nasjonalparkforvaltar onsdag 09. september 2020 for å diskutere mogelegheit for å strekkje flygeløyve for



helikoptertransport inn i oktober måned. Forvaltar bad om at KK sendte inn ein skriftleg søknad med dei argumenta som var nemnt i telefonsamtalen.

Kjøsnesfjorden Kraftverk søkte i epost datert 09.09.2020 om løyve til å utvide flygeløyve til Trollavatnet inn i oktober måned. Søknaden vert grunngeven med dei store snømengdene i fjellet som har ført til at KK ikkje har fått utført alt dei skal gjere i høve konsesjonskrava. I søknaden vert det presisert at KK ynskjer å fly fyrstkomande godversdagar, men vermeldingane er dårlege, så dei søker for sikkerheitsskuld om utviding til litt ut i oktober. Det er søkt om eit nytt, fleirårig løyve for Kjøsnesfjorden Kraftverk datert 14.08.2020. Søknad om fleirårig løyve må avgjerast av nasjonalparkstyret, men neste styremøte er 15 oktober 2020 og det er for seint til flyginga som er omsøkt.

KK sitt rammeløyve som var gjeldande fram t.o.m. 01.09.2020 for flyging til Trollavatnet

KK hadde eit rammeløyve som vart fornya ved styrevedtak 01.09.2016. Løyvet gjaldt følgjande utstrekking per år: Eitt hovudtilsyn, sesonginspeksjonar, ein driftsoperasjon (involverer spyling og reinsk av inntak) og 1-3 opningar av luker. Frå saksprotokollen, styresak 34/16, frå møte 01.09.2016:

Vedtak

I medhald av naturmangfoldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Kjøsnesfjorden kraftverk/Sunnfjord Energi for landing med helikopter på omsøkte punkt i verneområdet i samband med drift og tilsyn av kraftverket med tilhøyrande anlegg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1. Løyvet gjeld frå dags dato og fire år fram i tid, altså t.o.m. 1. september 2020.*
- 2. Flyginga bør være mest mogeleg konsentrert i tid, og unngå helgedagar, heilagdaggar og store utfartsdagar.*
- 3. Helikopterflyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt for drift og tilsyn av anlegg, og de må ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området.*
- 4. Rapport om flyginga, datoar, omfang og spesielle observasjonar sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. desember kvart år.*

Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve løyve til lågtflyging langs traseen sør for Sygnesandnipa, då det er heilt kurant å fly den nordlege ruta for å unngå flyging langt innanfor nasjonalparkgrensa. Dersom vêrtilhøva e.a. likevel tilseier at det er umogeleg å fly den nordlege ruta, må nasjonalparkforvaltar varslast pr telefon/e-post.

Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå vernereglane dersom det ikkje strider mot



vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, og då, i dette tilfellet, bruke den generelle unntaksregelen i naturmangfoldlova si § 48.

Etter naturmangfoldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Vurdering

Dei store snømengdene som ligg att i områda kring Trollavatnet hausten 2020 har forvaltar sjølv observert til fots i byrjinga av september månad, og sakshandsamar vurderer det som lite truleg at store snømengder seint på sommar/tidleg haust vil oppstå igjen. Det er difor liten fare for at denne saka skapar presedens for utviding av flygetid.

Flyging seinare enn det som er vilkåra i rammeløyvet vil ikkje medføre auka samla belastning på naturverdiar, sidan tal turar vil vere det same (§ 10 nml).

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Kring Trollavatnet er det særskilt bratte fjellsider, og utilgjengelege område. Alternative driftsmetoder enn helikopter er såleis ikkje mogeleg (nml §§ 8, 12).

Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis for motorferdsel i Verneområda. Forvaltar vurderer at ei flytting av flygeperioden hausten 2020, med grunnlag i ekstreme vêr- og snøtilhøve på haust gjev liten grunn for å frykte uføresette verknader som gjer det relevant å vise til nml § 9 i denne saka.

§ 11 i naturmangfoldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at utvidinga av flygeperiode til og med 20. oktober ikkje er i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfoldet.

